

Velkommen



RÅD OG TIPS TIL
LEIGETAKAR I
KOMMUNAL
BUSTAD



BØMLO KOMMUNALE
EIGEDOMSSELSKAP AS

www.bke.no

Tlf: 53 00 25 00

Besøksadresse:
Hollundsdaalen 21

Velkommen til din nye bustad

Me håpar du/de vil trivast her, anten du/de bur i tilrettelagt omsorgsbustad eller annan kommunal bustad.

I denne brosjyren finn du/de ein oversikt over:

- Viktige telefonnummer om det skulle oppstå naudsituasjonar eller treng å koma i kontakt med BKE
- Enkle råd og tips- korleis ta vare på bustaden, innemiljøet og uteområdet
- Praktiske råd om avfallshandtering, vedlikehald av røykvarslarar og enkle tips for å unngå at brann oppstår
- Husk! Husleigekontrakten du/de inngjekk før innflytting regulerer i utgangspunktet ansvarsforholdet mellom leigetakar og BKE

Viktige telefonnummer:

Brann: 110

Politi: 112

Ambulanse: 113

Legevakt Stord: 116117

BKE dagtid: 53 00 25 00

Vakttelefon BKE:

.

909 85 254 - Job Nedrebø

Tenestekontoret Bømlo Kommune: 53 42 34 74

NAV flyktingteneste:

Legekontor:

Bremnes legesenter: 53 42 33 11

Kystlegane: 53 42 56 10

Moster legekontor: 53 42 33 80

Langevåg legekontor: 53 42 33 70

1. INNEKLIMA

Eit godt inneklima er viktig for trivsel og helse.

Høg luftfuktigheit er ikkje bra å ha inne, og kan føra til helseskadar og skade på bustaden. I verste fall kan det oppstå muggsopp i bustaden.

Det er difor viktig at luftfuktigheita blir halden så låg som mogleg.

Kva kan du gjera for å unngå høg luftfuktigheit inne i bustaden?

TØRKING AV KLEDE - TØRK KLEDE UTE

Dersom ein tørkar klede inne, er det viktig å opna vindauga eller ha på ventilator. Ved bruk av tørketrommel, må ein vera sikker på at den fuktige lufta ikkje kjem inn i rommet. Det er mogleg å tørke klede ute heile året, så dersom det er fint vêr, vert det anbefalt å tørke kleda ute.

NB! Ikkje tørk kleda på eller over varmeomnar.



JAMN ROMTEMPERATUR HEILE DØGNET

Unngå å ha store svingingar i romtemperaturen i løpet av døgnet. Låg innetemperatur i periodar av døgnet for så å setja på full varme andre tider av døgnet, er ikkje bra. Det kan føra til høg luftfuktigheit, men er òg svært uøkonomisk med tanke på straumforbruket.

LUFTING

Opne vindauga og luften ut 10 min. kvar morgon.



Trekk til side alle gardiner om dagen – spesielt er dette viktig dersom gardinene er tunge og tjukke.



Ventilar som eventuelt er plassert i øvre kant av vindauga, skal vera opne.



Ventilar som eventuelt er plassert på vegg, skal vera opne.



Ventilar i taket skal vera opne, og skal ikkje rørast. Her kjem det luft inn og ut automatisk.



Ved matlaging skal alltid vifte over komfyr vera på.
NB! Hugs å vaske filteret minst 4 ganger pr. år.



2. REINHOLD



Gode råd for reinhold:

- ▶ Matvarer må ikkje oppbevarast nær golvet. Dei skal vera i kjøleskap eller i skap i tette boksar.
- ▶ Fjern matrestar på kjøkkenbenk kvar dag.
- ▶ Vask bustaden innvendig (tørk støv og vask golv) kvar 14. dag.
- ▶ Vask vegger og tak med såpe og fuktig fille 1 gong pr. år.
- ▶ Parkettgolv (tregolv) skal ikkje vaskast med mykje vatn, filla skal berre fuktast med vatn og såpe. Dersom det er flekker, gå over med ein anna klut og fjern dei.
- ▶ Golvbelegg og flisegolv kan vaskast med vanlig mengde vatn, filla skal dyppast i vatn med såpe til den blir gjennomvåt, for så å vri den.
- ▶ Dersom det sølast vatn på golv, tørk det opp med det same.
- ▶ Vatn på badegolv må tørkast opp.

- ▶ Dei som har varmpumpe må støvsuge denne jamleg, min. 2 gonger pr. år (vår og haust).

- ▶ Førebygging av legionella:
Dersom dusjen ikkje har vore nytta på meir enn ei veke, bør den spylast igjennom med varmt vatn i minst 2 minutt. Skru termostaten på maks varme og hald dusjhovudet nær avløpet.

- ▶ Vaske kjøkkenvifta minst 4 gongar i året.
 - I kjøkkenvifta er det filter som er plassert inni sjølve vifta. Dette kan takast ut for å vaskast. Filteret skal vaskast i oppvaskmaskin eller gjennomspylast med såpe og varmt vatn. Dette vil gje betre luft og førebygga brann i viftekanal og hus.

3. VEDLIKEHALD

Formålet med å definere vedlikehaldsansvar er å sikra at bustaden held ein jamn god standard, og at leigetakarane har eit sunt bumiljø både ute og inne.

Vedlikehald inne - leigetakar sitt ansvar:

- ▶ Rens sluk i dusjen, 2 gongar pr. mnd.
 - Ta rista vekk og fjern skit og alle hår. Vask ned i sluken og rista før den leggst på plass.



- ▶ Bytta lyspærer ute og inne.
 - Dersom eit lys eller ein lampe ikkje verkar lenger, er det ofte lyspæra i lampen som er brukt opp. Då må leigetakar ta av skjermen/kuppelen til lampa, ta ut den gamle lyspæra og sette i ny. Lyspære får ein kjøpt på daglegvarebutikkar.
- ▶ Bytta batteri i brannvarslar 1 gang pr. år, 1.desember.
 - Batteri kan kjøpast i daglegvarebutikken.
- ▶ **NB!** Kun kast toalettpapir (ikkje resirkulert papir) i toalettet!
Ikkje kast bind, bleier og liknande i toalettet!
- ▶ Smøre låsar med olje.

- Dersom ein lås er treg og det blir vanskeleg å vri nøkkelen rundt, må den smørjast med låsolje. Låsolje får ein kjøpt i daglegvarebutikken.
- Dersom det knirkar i ei dør når den opnast og lukkast, må dørhengsla smørjast.

Vedlikehald ute - leigetakar sitt ansvar:

- ▶ Klippe plenen/graset og evt. ordne blomsterbed og buskar.
 - Dersom det er fleire leigetakarar som deler plen, er det leigetakar sitt ansvar å setja opp ei fordeling på kven som skal klippe plenen. Det er eit felles ansvar.
 - Dersom det er blomsterbed utanfor bustaden, skal dette stellast ved å fjerne ugras og klippe buskar/planter.
- ▶ Ta bort avfall som ligg rundt bustaden.
 - Alt avfall skal kastast i avfallsdunkar som er plassert til kvart hus. Dersom det manglar avfallsdunkar, ta kontakt med BKE.
- ▶ Sortera avfall (sjå forklaring under pkt.6).
- ▶ Strø og måka snø ved behov slik at det er mogleg for leigetakar og andre og koma seg til og frå huset.



BKE er ansvarleg for:

- ▶ Utvendig vask og maling av bustaden.
- ▶ BKE klipper plenane der det er store fellesareal.
- ▶ Filterskift i ventilasjonsanlegg.
- ▶ Ved tvil, kontakt BKE tlf.: 53002500 eller post@bke.no

BKE kan vera behjelpelige med enkelte vedlikehaldsoppgåver som er leigetakars ansvar, men vil då fakturera for medgått tid.

4. NABOFORHOLD

Ta hensyn til naboer.

Leiker, bodar, osv. som høyrer til naboen skal ikkje nyttast utan tillating.

Gå ikkje gjennom andre sine hagar/over andre sine eigedomar.



5. ORDENSREGLAR (ro og orden)

1. Leigaren har plikt til å etterleva desse ordensreglane, og er også ansvarleg for at andre som får tilgang til eigedomen følgjer reglane.
2. Leigaren skal behandla bustaden og eigedommen elles med varsemd, og i samsvar med leigeavtalen.
3. Leigaren skal utan påminning frå BKE utføra det vedlikehaldet av bustaden og eigedomen elles som går fram av pkt. 4.4 i leigeavtalen.
4. Bustaden og andre deler av eigedomen som leigaren har råderett over, skal ikkje nyttast slik at det er til ulempe eller sjenanse for andre.
5. Det skal vera ro i bustaden frå kl. 2300 til kl. 0700. Radio, fjernsyn, musikkanlegg, musikkinstrument og andre innretningar som lagar lyd må ikkje nyttast slik at det skapar sjenanse for naboar.
6. Det skal vera vanleg helgero på søndagar og høgtidsdagar. Arbeid som medfører bråk eller støy skal ikkje skje på slike dagar.
7. Leigaren må halda det reint, ryddig og triveleg i og rundt bustaden. Grøntareal, bed og plantar må ordnast og takast vare på. Dette gjeld også fellesareal som leigaren etter leigeavtalen har medansvar for.
8. Alt avfall skal kjeldesorterast og leggjast i dei respektive avfallsdunkane, ev. deponerast i containerar som SIM har utplassert.
9. Bilar skal berre parkerast på tildelte parkerings- eller biloppstillingsplassar. Det er ikkje tillete å oppbevara bilvrak eller andre avskilta køyretøy.
10. Barnevogner, sykklar og anna sportsutstyr skal ikkje plasserast i vegar, fellesrom eller gangar, eller etterlatast på andre måtar som er til sjenanse for naboane.

11. Det er ikkje tillate med dyrehald i leilegheita.

Brot på ordensreglane vert sett på som brot på husleigeavtalen. Gjenteke brot på ordensreglane kan medføra at leigetilhøvet vert oppsagd frå kommunen si side.

Disse ordensreglane er ein del av husleige kontrakten.



6. SORTERING AV AVFALL

- ▶ Avfall må sorterast og vil bli henta på ulike vekedagar. Rett dunk må setjast fram dagen før henting.
 - Link til køyreplan for tømning av dunker:
<http://sim.as/min-kommune/?kommune-valg=bomlo>
 - Det finnes òg ein app ein kan lasta ned; SIM tømmekalender.

Slik skal det IKKJE sjå ut:



Slik SKAL det sjå ut:





Slik sorterer du avfallet ditt

Ring tlf. 952 53 515 dersom du ikke er helt sikker på hvordan du skal sortere avfallet ditt.

Les om **kva avfallet vert til** på neste side 

Bio



Mat- og hageavfall frå hushaldninga, utan emballasje.

TIPS

- Plastposar i bioavfallet gjeld seggj komposteringssesjonen.
- Det kan vera lurt å bruke haposar for å hindre lukt og hindre duken i å bli ekstra fuktig.
- Prøv å umngå å leggje lauv, hageavfall og sagflis i bota på duken då dette lett pakkar seg.
- Glas er ikkje komposterbart.
- Reingje duken etter tønning.
- Et avís i botnen kan vera lurt om vinteren: stikk av avfallet i bota i frysa.




Papir



Papir og kartong som ikkje er fuktig eller tilsussa.

TIPS

- Prøv å ikkje stapp for mykje, då papiret lett kan slite fast. Spesielt gjeld dette t.d. prisenestor og anna papir.
- Store esker kan også rivas opp for å umngå å det sit fast.
- Papiret må ikkje vera vett eller tigrisra.
- Du treng ikkje fjerna stiftar og limband.
- Alle drikkekartongar skal gjevinnest, både store og små, med og utan skrubork eller lok.
- Kest kartongane i papirduken.



Rest



Blandingsavfall og avfall som ikkje har ein plass i andre sorteringsordningar.

TIPS

- Grovt avfall skal på miljøsentralen.
- Umngå å overfylle duken, så slepp ikkje fuglar og andre dyr til i avfallet.
- Urenn plast kan gå i rest.




Glas- og metallemballasje



Som hovudregel glas- og metallemballasje det har vore mat eller drikke i.

TIPS

- Dette kan vera til døms: glassbottler, glassbrett, bermedrikkebottlar, mjølkemetallbottlar, aluminiumsbottlar, øl- og brusbottlar utan pump, metall-øst, metallortar, metallbollar og telysdepolar.
- Dersom glas- og metallemballasjen er bligris, skal den i restavfallet.



Plastemballasje



Plast som har vore emballasje, og som er rein og tørr.

TIPS

- Samla rein og tørr plastemballasje i dei blåne spesialsekkene du får utlevert frå SIM.
- Plasser sekkene attmed, eller heng tau på papirduken
- på tønningssida for papir- og plastavfall.
- Er du i ferdi med å gå tom for plastsekkar, løy ein sekk for plastemballasje på papirduken – så vil sjåføren leggja ein ny rull på papirduken etter at han er tømt. Du kan også henta deg ein rull på næraste miljøsentral.
- Plastemballasje som luktar skal ikkje i sekkene.
- Dersom du ikkje får plasten rein med kaldt vatn, kast i restavfallet.



Farleg avfall

Avfall som kan forureina eller gjera skade på menneske eller dyr.

LEVERING: På miljøsentralen.

TIPS: Er du i tvil? Lever det som om det skulle vera farleg. Hugs å merke flasker/bottlar med innhald.



sim.as

SIM

Dunk ikkje tømt?

Ring vaktlif. nr. 952 53 515.



Dunk øydelagt / byte dunk?

Ring vårt sentralbord på tlf. nr. 53 45 78 50
eller send mail til sim@sim.as.

Me har byterunde kvar 5. veke.
Dunken kan òg bytast på våre miljøsentralar.

Sjå ellers www.sim.as for meir informasjon om til dømes:

- sorteringsguidar
- på andre språk
- tømmekalender
- tømmedag
- prisar
- tyddeaksjonar
- kompostering
- konteinartuleige



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk TKS

Meatjømsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50
E-post: sim@sim.as
www.sim.as

Kva vert avfallet til?

Bioavfall:

Vert til ny kompostjord som ein kan kjøpe
på alle SIM sine miljøsentralar.



Papiravfall:

Vert til nytt papir / ny kartong.



Restavfall:

Går til energiogjenvinning og vert til straum
og fjernvarme.



Plastemballasje:

Vert til nye produkt i plast. Til dømes
kassar, boksar, søppelbøtter, snøskuffer,
kontorstolar, blomsterpotter, tøvr, slanger,
kleshengjarer, tekstilar (fleece), bildeler,
drikkeflasker, fòtte, bæreposar m.m.



Fartleg avfall:

Vert deponert eller destruert.



Glas- og metallemballasje:

Vert til nytt glas, skumglass, isolasjon,
spiker, skruar, binders, hagerenskap,
emballasje, bifølgjar og sykkeldele.



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*



* Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveke) kl. 09.00-14.00.

1. okt.–31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMHO, HOLLUNDSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00

1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveke) kl. 10.00-14.00.

1. okt.–31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveke) kl. 09.00-14.00.

1. okt.–31. mars: Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00 - Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveke) kl. 09.00-14.00.

1. okt.–31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

7. BRANN

KRAV OM RØYKVARSLARAR



Alle bustadar skal ha minst ein røykvarslar i kvar etasje. Røykvarslarane gir tidleg varsel om brann. Dei må høyrast frå soverom med lukka dør. Batteria må vanlegvis bytast ein gong i året. Test røykvarslarane jamleg ved å bruke testknappen.

Gå gjennom sjekklister for brannsikring 2 gongar i året (01.juni og 01.desember).

KRAV OM SLØKKJESTYR



Alle bustadar skal ha husbrannslange eller brannsløkkjeapparat. Det er anbefalt å ha begge delar. Sløkkjestyret skal vere lett tilgjengeleg. Alle i bustaden må vite kvar utstyret er plassert. Les bruksrettleiinga nøye.


Les bruksrettleiinga nøye og lær deg korleis sløkkjestyret skal brukast.

UNNGÅ BRANN 1




Hald oppsyn med komfyren når den er i bruk. Bli avbroten i matlaginga, skru av varmen på kokeplatene. Monter komfyrvakt. Ver forsiktig med bruk av open flamme. Forlat aldri eit rom der det er tent levande lys. Tende lys må ikkje plasserast nær brennbart materiale. Tøm oske på ein trygt stad. Kast ikkje varm oske i søppelbøtta.

UNNGÅ BRANN 2



Slå alltid av vaskemaskiner og tørketrommelen når du forlét bustaden eller skal sove. Berre godkjende installatørar har lov til å montere og reparere elektriske anlegg og elektrisk utstyr. Mange påsette brannar startar i bygningsmateriale, pappesker og anna søppel. Sørg for at trapperom og garasjar er rydda for brennbare ting. Plasser søppelbeholdarar i god avstand frå bygningar.

OPPTREDEN VED BRANN



1. REDDE

Sørg for at alle i bustaden kjem seg trygt ut. Å rømme gjennom røyk er farleg. Lukk dører. Gå til ein møteplass de har avtalt på førehand.

2. VARSLE

Varsle brannvesenet på naudnummer 110. Oppgi nøyaktig adresse til bygningen som brenn.

3. SLØKKJE

Dersom brannen ikkje har blitt for stor, prøv å sløkkje med husbrannslange eller brannsløkkjeapparat. Utsett ikkje deg sjølv for fare. Røyken er svært giftig.

Du må sjølv avgjere i kva rekkjefølgje du skal gjennomføre desse punkta, ut i frå korleis du vurderer situasjonen. Det er nyttig å trene på dette gjennom jamlege brannøvingar.